



Fylkesmannen i Hordaland

18/6322

Tilsyn med kommunens krisesentertilbod 2018

1. Kommune:

2. Namn og stilling til den som har svara:

3. Kva krisesentertilbod har kommunen til barn, personar med funksjonsnedsettingar, psykisk lidingar, personar med rusproblem og eldre utsett for vald?

Hjelpetekst: Kva krisesentertilbod har kommunen, og er det nokon av desse gruppene, eventuelt andre, som de ikkje har tilbod til?

4. Korleis følgjer kommunen med på at krisesentertilboden er tilrettelagt og eigna for desse gruppene?

Hjelpetekst: Korleis veit de at krisesentertilboden fyller krava i lov og forskrift?

5. Kva dato gjennomførte kommunen sist kontroll med krisesentertilboden?

Hjelpetekst: Legg ved notat/rapport frå siste gjennomgang.

6. Korleis sikrar kommunen at vaksne valdsutsette får samordna tenester?

Hjelpetekst: Gjer greie for eventuelle skriftelege rutinar for samarbeid og eller samarbeidsavtalar som de har, til dømes NAV, helsetenester med vidare, og kven som er kontaktperson i dei ulike tenestene.

7. Kva instans/-ar i kommunen er det som har ansvar for å følgje opp vaksne under opphold på krisesenteret og i rehabiliteringsfasen etter opphold?

8. Korleis sikrar kommunen at valdsutsette barn får eit samordna tilbod medan dei bur på krisesenteret og i retableringsfasen?

Hjelpetekst: Dette gjeld tenester barn har rett til å få etter anna lovverk. Til dømes at barna får skuletilbod under opphald på krisesenteret, skuleskyss, helsetenester og hjelp fra barnevernet eller andre.

9. Kva instans/teneste i kommunen har eit særleg ansvar for oppfølginga av barna?
10. Kva tiltak har kommunen iverksett for å sikre at tilsette i NAV, barnevern, helsetenestene, skule og barnehage har nødvendig kunnskap om vald i nære relasjonar?
11. Kor mange av kommunes tilsette har fått opplæring/fagleg oppdatering om vald i nære relasjonar det siste året, og kva for tenester er dei tilsett i ?
12. På kva måte blir innbyggjarar informerte om kommunens krisesentertilbod?

Eventuelle kommentarar eller tilleggsopplysningar: